Rettleiar for utarbeiding av detaljplan og miljø-, transport- og anleggsplan (MTA) for vindkraftverk

1
2016

R E T T L E I A R

Rettleiar nr 1-2016

Rettleiar for utarbeiding av detaljplan og miljø-, transport- og anleggsplan (MTA) for vindkraftverk

Utgitt av: Norges vassdrags- og energidirektorat

Redaktør: Randi Holme

Forfattere: Kristin Evjen, Olav Haaverstad, Marte Lundsbakken, Erlend Bjerkestrand, Erlend Ballangrud Borgli

Trykk: NVEs hustrykkeri

Opplag:

Forsidefoto: Mehuken vindkraftverk, Olav Haaverstad

ISBN

ISSN 1501-0678

Sammendrag: Målgruppa for denne rettleiaren er primært tiltakshavarar og konsulentar som utfører planleggings- og utgreiingsarbeid knytt til vilkåret om MTA og detaljplan for vindkraftverk. I rettleiaren finn ein skisse til ein struktur som det er ønskjeleg at konsesjonærane brukar når planar blir utarbeidde. Rettleiaren vil også gi nyttig informasjon til andre som på ein eller annan måte er involverte i planleggingsarbeidet av eit vindkraftverk.

Emneord: NVE, vindkraft, vindkraftverk, miljøtilsyn, MTA, Miljø-, transport- og anleggsplan, detaljplan

Rettleiaren er utgått

Norges vassdrags- og energidirektorat
Middelthunsgate 29
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Telefon: 22 95 95 95
Telefaks: 22 95 90 00
Internett: www.nve.no

2016

Forord

I anleggskonsesjonar for vindkraftanlegg er det sett vilkår om at konsesjonæren skal utarbeide ein detaljplan og ein miljø-, transport- og anleggsplan. Planane skal godkjennast av NVE før byggearbeida kan setjast i gang. For å sikre at planane har tilfredsstillande omfang og kvalitet vil denne rettleiaren vere eit viktig hjelpemidel. Rettleiaren omtaler dei forholda som må vurderast og skildrast i planane.

Rettleiaren skisserer ein struktur som det er ønskjeleg at konsesjonærane brukar når planar blir utarbeidde. Grundige og gjennomarbeida planar er det beste utgangspunktet for at NVE skal kunne gjennomføre ei effektiv saksbehandling.

Oslo, april 2016

Per Sanderud
Vassdrags- og energidirektør

Ingunn Åsgard Bendiksen
avdelingsdirektør

Rettleiaren er utgått

Innhald

Innhald 2
Innleiing 3
1.1 Forholdet mellom detaljplan, MTA og andre konsesjonsvilkår 3
1.2 Konsesjonspliktige endringar 4
1.3 Saksbehandling av MTA 6
1.4 Om rettar til bruk av privat eigedom 6
1.5 Rettsverknad av godkjend MTA 7
1.6 Oppfølging frå NVE i bygge- og driftsfase 7
Krav til innhald i MTA 8
2.1 Innleiing 8
2.2 Skildring av planprosess, jf. vilkår om involvering 8
2.3 Skildring av tiltaket og arealbruken, jf. vilkår om detaljplan 9
2.4 Terrenginngrep og istandsetjing 12
2.5 Naturmangfald 13
2.6 Kulturminne 14
2.7 Transport 14
2.8 Endra verknader for miljø og samfunn 14
2.9 Handtering av avfall 14
2.10 For- og etterundersøkingar 15
2.11 Frist for istandsetjing 16
2.12 Prosjekttilpassa kontrollplan 16
Lover og forskrifter 17
3.1 Energilova 17
3.2 Energilovforskrifta 17
3.3 Beredskapsforskrifta 17
3.4 Plan- og bygningslova 18
3.4.1 Verknader for vindkraftanlegget 18
3.4.2 Nettilknyting for vindkraftverket 19
3.4.3 Byggesaksforskrifta 20
3.5 Naturmangfoldlova 20
3.6 Forureiningslova 21
Kort om andre konsesjonsvilkår 22
Litteratur 24

Rettleiaren er utgått

1 Innleiing

Denne rettleiaren tek føre seg planlegging av vindkraftverk og tilhøyrande infrastruktur som har anleggskonsesjon etter energilova. Planleggingsfasen strekkjer seg frå anlegget har fått konsesjon til det er sett i drift, og inneber mellom anna oppfølging av ei rekkje vilkår i anleggskonsesjonen. Fokus i rettleiaren er utarbeiding av miljø-, transport og anleggsplan (MTA), detaljplan og kva forhold det normalt er aktuelt å omtale i slike planar.

I tillegg til krav om detaljplan og MTA, vil det ofte vere andre vilkår i anleggskonsesjonen som må oppfyllast i planleggingsfasen. Rettleiaren vil difor også kort omhandle ein del av desse. Tiltakshavar er sjølv ansvarleg for å vurdere kva for tema som er relevante for det enkelte anlegg med bakgrunn i gjeldande anleggskonsesjon. Konsesjonen kan omfatte forhold som ikkje er omtalte her. Til kvar enkelt anleggskonsesjon er det utarbeidd eit dokument med tittel *Bakgrunn for vedtak*. Bakgrunn for vedtak grunngjev avgjerda som er teken og gir ei framstilling av dei fakta og føresetnader som avgjerda i konsesjonsspørsmålet baserer seg på, og kva for omsyn som er vektlagde.

Ein anleggskonsesjon for eit vindkraftverk med tilhøyrande nettilknyting og anna infrastruktur fastset normalt ein maksimal installert effekt og eit avgrensa areal som kan brukast til etablering av tiltaket. Etter at den overordna arealbruken er vedteken i konsesjonen må etablering av anlegget skildrast meir detaljert innanfor planområdet. For eksempel må endeleg plassering av turbinane og utforming av det interne vegnettet innanfor planområdet fastsetjast.

I konsesjonen er det ofte sett vilkår både til kva planlegginga skal omhandle og kven som skal involverast i arbeidet. Det er som regel eit krav at utarbeiding av MTA skal skje i samråd med kommunen (ane), grunneigarar og dei som har rettar der tiltaket er planlagt. Planlegginga skal mellom anna sikre at dei omsyn det er sett vilkår om i konsesjonen blir tekne i vare og at prosessane oppfyller pålagde krav til involvering og samråding.

Rettleiaren er utgått

1.1 Forholdet mellom detaljplan, MTA og andre konsesjonsvilkår

I alle konsesjonar til vindkraftverk blir det sett vilkår om utarbeiding av detaljplan og MTA. NVE legg til grunn følgjande definisjon og føremål med dei to plantypane:

- **Detaljplanen** skal konkretisere utbyggingsplanane for vindkraftverket innanfor dei rammene som er gitt i konsesjonen. Planen skal innehalde ei teknisk skildring av alle dei komponentane og installasjonane som skal byggjast og oppgi deira plassering på eit kart. Vidare skal planen gjere greie for eventuelle endringar i tiltaket sine verknader for miljø og samfunn dersom utbyggingsløysinga i detaljplanen er endra i forhold til utbyggingsplanen som var lagt til grunn i konsekvensutreiingane.

- **MTA** skal sikre at utbyggjar og entreprenør under bygging og drift av anlegget tek omsyn til miljøinformasjon som er kome fram i konsekvensutgreiingane og krav som er sett i konsesjonen. Planen skal innehalde ei skildring av arealbruken og alle dei fysiske konsekvensane bygging av anlegget har for natur og miljø. Transportløysing i anleggsfasen skal skildrast.

Innhaldet i dei to plantypane heng i stor grad saman. Med bakgrunn i dette føretrekkjer NVE at tiltakshavar som hovudregel utarbeider eitt plandokument som oppfyller krava til begge planane. Kapittel 2 i denne rettleiaren skildrar difor krav til innhald i eit felles plandokument som kan oppfylle vilkår om både detaljplan og MTA. I resten av rettleiaren blir dette felles dokumentet kalla MTA.

I tillegg til krav om detaljplan og MTA, vil det ofte vere vilkår i anleggskonsesjonen om annan dokumentasjon som skal leggast fram eller godkjennast av NVE som ein del av planlegginga. Dette kan for eksempel vere vurdering av risiko for ising/iskast eller forslag til avbøtande tiltak for friluftsliv. Nokre av desse vurderingane kan det vere hensiktsmessig å inkludere i MTA. NVE kan kontaktast for ei konkret vurdering i kvar enkelt sak.

I tilfelle der nettilknytinga til vindkraftverket er behandla gjennom ein eigen anleggskonsesjon må konsesjonæren gjere ei vurdering av om det er hensiktsmessig å utarbeide ein felles MTA for vindkraftanlegget og nettilknyting, eller om det er meir hensiktsmessig med to separate MTA. Viss det blir utarbeidd to plandokument føretrekkjer NVE at dette er samordna i tid og vert sendt til godkjenning samtidig. NVE kan då samordne saksbehandling av planane.

Rettleiaren er utgått

1.2 Konsesjonspliktige endringar

Konkretisering av arealbruk i MTA skal vere i samsvar med det som er fastsett i konsesjonen med tilhøyrande kart. Innanfor den ytre arealavgrensinga av planområdet som er oppgitt i konsesjonen kan det fastsetjast turbinplasseringar og internvegtrasear. Det kan og gjerast justeringar av trasear for tilkomstveg og kraftleidning. Det må komme tydeleg fram i MTA kva endringar som er gjort i arealbruken samanlikna med anleggskonsesjonen.

I tilfelle der planen inneheld endringar i forhold til konsesjonsgitte anlegg med tilhøyrande infrastruktur, eller at det er planlagt nye slike anlegg, vil dette normalt utløyse krav om ny konsesjonsbehandling. Dessutan kan det føre til at tiltakshavar må avklare om ein har nødvendige rettar til privat eigedom. Dersom det vert søkt om løyve til ekspropriasjon som følgje av ny eller utvida bruk av privat eigedom må det og sendast inn søknad om planendring.

Normalt vil det vere ei konsesjonspliktig endring dersom traséen for tilkomstveg eller kraftleidning blir endra slik at areal som ikkje er undersøkt i konsekvensutreiingane blir teke i bruk. Figur 1 viser eit kart med eksempel på ein vegtrasé som kan bli vurdert som konsesjonspliktig og ein trasé som ikkje krev ny konsesjon, men kan søkast om i MTA. Trasé 1 er den tilkomstvegen som det er gjeve konsesjon til. Trasé 2 ligg relativt nær den konsesjonsgitte traseen og arealet inngår i området som blei undersøkt i konsekvensutgreiingane. Denne endringa vil difor sannsynlegvis kunne godkjennast gjennom NVE si behandling av MTA. Trasé 3 omfattar areal som ikkje vart undersøkt i konsekvensutgreiingane, og vil difor sannsynlegvis bli vurdert til å vere ei konsesjonspliktig endring.



Figur 1. Døme på nye vegtrasear med og utan konsesjonsplikt

Rettleiaren er utgått

Andre konsesjonspliktige endringar kan vere:

- Auka spenning for kraftleidningar og transformatorar dersom dette er spesifisert i konsesjonen.
- Vesentleg endring av samla installert effekt i vindkraftverket dersom dette er spesifisert i konsesjonen.
- Endring av transformatoreffekt dersom dette er spesifisert i konsesjonen.
- Massetak eller massedeponi utanfor planområdet, dersom dette ikkje vert behandla av kommunen etter anna lovverk.

Kva endringar som kan godkjennast gjennom behandling av MTA og kva som vil utløyse ny konsesjonsbehandling og eigen planendringssøknad må vurderast av NVE i kvart enkelt tilfelle. Eventuelle konsekvensar som endringane medfører for miljø og samfunn må utgreiast sjølv om ei planendring ikkje blir vurdert som konsesjonspliktig, jf. kap. 2.8. Søknader om konsesjonspliktige planendring vil bli behandla i samsvar med krava i energilova § 2-1.

1.3 Saksbehandling av MTA

Det er konsesjonæren som har ansvaret for å utarbeide ein MTA som skal leggast fram for NVE til godkjenning. Planen må oppfylle vilkåra for utarbeiding av plan som er sett i konsesjonen. Ein føresetnad for ei effektiv og rasjonell saksbehandling er at planen er grundig og i samsvar med krava i konsesjonen.

Ein plan som er utarbeidd i samsvar med denne rettleiaren vil normalt bli vurdert til å vere i tråd med krava i konsesjonen.

NVE tilrår at tiltakshavar involverer NVE, kommunen, grunneigarar og andre relevante interessentar i ein tidleg fase av planlegginga. Når NVE har motteke MTA til behandling vil vi normalt ta initiativ til eit samrådingsmøte med kommunen (-ane) og tiltakshavar for å drøfte planane.

Før NVE tek planen under behandling blir det gjort ei vurdering av om saka er tilstrekkeleg opplyst jf. forvaltningslova § 17. Vurderinga tek utgangspunkt i om kommunen (-ane) og andre som vert påverka av tiltaket er involverte slik det går fram av vilkåra i konsesjonen. Slik involvering må vere dokumentert i planen. Det blir dessutan vurdert om arealbruken i MTA er i samsvar med arealbruken som ligg til grunn for konsesjonsvedtaket.

Dersom NVE vurderer saka til ikkje å vere tilstrekkeleg opplyst vil vi innhente opplysningar for å sikre eit forsvarleg grunnlag for avgjerd før det blir fatta vedtak. Dette kan være nødvendig dersom:

- Det er gjort endringar i arealbruk utan at dei som vert påverka av endringane har fått høve til å uttale seg.
- Det er sett vilkår i konsesjonen om at det skal gjerast tilpassingar i tiltaket av omsyn til for eksempel drikkevatn, kulturminne, eller naturmangfald.
- Det kjem fram nye opplysningar om til dømes funn av hekkelokalitetar eller kulturminne.
- Det er lenge sidan konsesjonsvedtaket er fatta.

NVE vil i kvart enkelt tilfelle gjere ei konkret vurdering av om det er behov for å innhente meir opplysningar.

Før MTA kan godkjennast skal NVE normalt ha vore på synfaring for å gjere seg kjend med planområdet. Når NVE meiner MTA er god nok og saka er tilstrekkeleg opplyst vil NVE fatte vedtak om godkjenning med eventuelle vilkår i godkjenningsvedtaket.

Rettleiaren er utgått

1.4 Om rettar til bruk av privat eigedom

Ein konsesjon er eit løyve frå styresmaktene til å bygge, drive og eige elektriske anlegg. Ein konsesjon gir likevel ikkje konsesjonæren rettar til privat eigedom. Den private eigedomsretten er beskytta og inngrep krev difor heimel.

Rettar til privat eigedom kan ervervast gjennom avtalar med grunneigarar og dei som har rettar til aktuell eigedom. I tilfelle der konsesjonær og grunneigarar ikkje blir einige om slik avtale kan konsesjonæren søkje om ekspropriasjon. Ekspropriasjon er ein prosess som følgjer reglane i lov om oreigning av fast eigedom (oreigningslova) av 23.oktober 1953 nr. 3.

Om det er grunnlag for å tillate ekspropriasjon til vindkraftverk og anlegg til nettilknyting av vindkraftverk blir avgjort av NVE i første instans og av OED dersom det blir klaga på NVE sitt vedtak. Fastsetjing av ekspropriasjonserstatning blir avgjort av domstolane (skjønnsretten) etter at det er kravd skjønn og blir regulert av reglane i lov om skjønn og ekspropriasjonssaker (skjønnsprosesslova) av 1. juni 1917 nr. 1. Ekspropriasjonsløyvet fell bort dersom det ikkje er kravd skjønn innan eitt år etter ekspropriasjonsvedtaket er fatta.

Konsesjonæren har ansvar for at eigedomsrettslege forhold er avklart før planområdet blir teke i bruk. Bruk av planområdet utan at dette er avklart vil innebere ulovleg bruk av andre sin eigedom. Dette gjeld og traséar for tilkomstveg og nettilknyting.

I tilfelle der konsesjonæren har erverva rettar til bruk av privat eigedom, men det seinare blir endringar i prosjektet som fører til ny arealbruk, bør konsesjonæren på nytt undersøke om han har rettar til det nye arealet.

1.5 Rettsverknad av godkjend MTA

Krav til utarbeiding og godkjenning av planane er regulert i vilkår i anleggskonsesjonen. Vilkåret inneber at konsesjonæren ikkje kan setje i gang anleggsarbeida før MTA er godkjend.

Ei avgjerd om godkjenning av MTA er eit enkeltvedtak og blir behandla i samsvar med reglane i forvaltningslova. Dette inneber blant anna at partar og andre med rettsleg klageinteresse i saka (saka som gjeld godkjenning av MTA) kan klage på vedtaket. Kven som er partar og kven som har rettsleg klageinteresse blir vurdert konkret innafor ramma av forvaltningslova sine reglar.

Ein godkjend MTA er rettsleg bindande for konsesjonær. Dette inneber blant anna at andre tiltak enn dei som er omtalt i ein godkjend plan må avklarast med NVE før slike tiltak kan setjast i verk. At MTA er rettsleg bindande inneber at manglande etterleving av planen kan medføre reaksjonar frå NVE.

Rettleiaren er utgått

1.6 Oppfølging frå NVE i bygge- og driftsfase

NVE vil følgje opp byggefasen med ei eller fleire synfaringar for å sjå til at vilkåra i konsesjonen og godkjend MTA blir etterlevd. Eventuelle endringar av planane undervegs skal meldast til NVE som vurderer om endringane kan godkjennast. Etter at byggefasen er avslutta er konsesjonæren ansvarleg for å dokumentere overfor NVE at anlegget er bygd i samsvar med konsesjon med tilhøyrande vilkår og godkjend MTA. Det skal sendast inn kart som viser anlegget som bygd. NVE sitt miljøtilsyn vil gjennomføre ein avsluttande inspeksjon av anlegget før entreprenør har avslutta arbeidet slik at eventuelle korrigeringar og krav om utbetringar frå NVE let seg gjennomføre enklare.

NVE kan og føre tilsyn i driftsfasen.

2 Krav til innhald i MTA

Strukturen som følgjer nedanfor kan brukast som disposisjon for MTA som oppfyller kravet både til detaljplan og MTA. Konsesjonæren er sjølv ansvarleg for å vurdere kva tema som er aktuelle med bakgrunn i den enkelte anleggskonsesjon. Alle dei nemnde tema/punkt bør likevel kvitterast ut sjølv om temaet ikkje er aktuelt for gjeldande anlegg. Med bakgrunn i gjeldande konsesjon og dokumentet «Bakgrunn for vedtak» kan det i enkeltsaker vere nødvendig å omtale tema som ikkje er nemnd nedanfor.

2.1 Innleiing

- Referanse til aktuell anleggskonsesjon, gjerne med omtale av kva for vilkår som er sett i konsesjonen og om dei er avklart i planen.
- Informasjon om anleggseigar med opplysningar om: organisasjonsnummer, tiltakshavar og namn på tiltaket, adresse og kontaktinformasjon.
- Status for andre planar og løyve. Dette kan til for eksempel gjelde gjennomføring av undersøkingar etter § 9 i kulturminnelova, eventuelle søknader om å få frigitt kulturminne som blir påverka, dispensasjonssøknader etter naturmangfaldlova, dispensasjonssøknader etter plan- og bygningslova eller løyve etter veglova, havne- og farvannslova, forskrift om luftfartshinder med meir.
- Framdriftsplan med informasjon om tidspunkt for start av byggearbeida, planlagd byggetid, tidspunkt for ferdigstilling inkludert opprydding og innsending av ferdigrapport til NVE.

Rettleiaren er utgått

2.2 Skildring av planprosess, jf. vilkår om involvering

I konsesjonar for vindkraftverk er det som del av vilkår om utarbeiding av MTA ein føresetnad at planen skal utarbeidast i samråd med kommunen (-ane), grunneigarar og andre med rettar i området. Involvering er ein viktig føresetnad for at NVE skal kunne fatte vedtak, og må vere dokumentert i MTA. Konsesjonæren bør og vurdere om det er andre som skal involverast i planeggingsprosessen, til dømes Fylkesmannen og fylkeskommunen.

Dokumentasjon av involvering kan gjerast gjennom ei opplisting av møter som er gjennomførte, og skriftlege korrespondansar.

Tabell 1: Dokumentasjon av planprosess, jamfør krav om involvering.

Kven	Type (møte, skriftleg dokumentasjon)	Dato
Kommunen (-ane)		
Grunneigarar, jamfør konsesjonsvedtak		
Andre med rettar i området jamfør konsesjonsvedtak		
Mattilsyn (drikkevatn), fylkeskommune (kulturminne), Fylkesmannen (naturmangfald). Andre?		
Nye med rettar i området, jamfør endringar i planleggingsfasen		

Møtereferat og annan skriftleg dokumentasjon treng ikkje leggast ved MTA, men dersom NVE finn det nødvendig kan NVE be om å få lagt fram skriftleg dokumentasjon.

Rettleiaren er utgått

2.3 Skildring av tiltaket og arealbruken, jf. vilkår om detaljplan

Konsesjonæren skal skildre det konsesjonsgitte anlegget og den endelege utforminga av anlegget som skal byggjast. Dersom MTA inneheld endringar i høve til konsesjonen må dette gå tydeleg fram. Eventuelle endringar skal grunngjevast. Vesentlege endringar kan utløyse ny saksbehandling med høyring av dei delane av tiltaket der det er endringar, jf. kapittel 1.2.

- Kort skildring av anlegget det er gitt konsesjon til og oversikt over justeringar/endringar i utforming av anlegget og arealbruk sett i forhold til konsesjonen og den utbyggingsløysinga som blei lagt til grunn i konsekvensutgreiingane. Dette kan gjerne visast i ein tabell. Eventuelle endringar av traséar for tilkomstveg og tilknyting til nett og plassering av for eksempel koplingsstasjonar, transformatorar, servicebygg, massetak og deponi bør illustrerast på kart.

Tabell 2: Grunnlagsdata for anlegget

Komponent	Endeleg utbyggingsløysing	Konsesjonsgitt/utreda utbyggingsløysing
Samla installert effekt		
Tal turbinar		
Installert effekt per turbin		
Turbintype		
Kildestøynivå		
Navhøgde		
Rotordiameter		
Lengde internvegnett		
Breidd på internt vegnett		
Lengde tilkomstveg		
Breidde tilkomstveg		
Lengde internt nett		
Spenningsnivå internt nett		
Lengde ekstern nettrasé		
Spenningsnivå eksternt nett		
Tverrsnitt eksternt nett		
Mastetype eksternt nett		
Spenningsnivå og effekt i transformatorstasjon(ar)		
Ev. andre høgspennings apparatanlegg		

Rettleiaren er utgått

Tabell 3: Presentasjon av tema det blir søkt endring for og grunngjeving av dette.

Endring	Søkar si grunngjeving og utdjupande opplysningar

- Oversiktskart 1:50 000 som viser lokalisering av anlegga det er gitt konsesjon til (ev. kartet som er vedlagt anleggskonsesjonen).
- Arealbrukskart i passande målestokk, for eksempel 1:1000 eller 1:5000, som viser:
    - Plassering av alle komponentar og installasjonar, for eksempel plassering av service- og transformatorbygg, traséar for kraftleidningar og kablar, transformator- og koplingsstasjonar, riggområde, massedeponi, masseuttak, anleggsvegar (eksisterande og nye) med meir.
    - Viktige naturtypar som er registrerte raudlistearter, prioriterte artar og utvalde naturtypar, kulturminne og andre sårbare område som er kome fram gjennom konsekvensutgreiinga eller i registrerte databaser, sjå kap. 2.5 om naturmangfald og 2.6 om kulturminne.
    - Ytre arealavgrensing for anleggsarbeidet (inngrepsgrense).
- Målsette (1:100) fasadeteikningar og plan- og snitteikningar som viser materialbruk, fargeval og overgang til tilgrensande terreng for service- og transformatorbygg.

Rettleiaren er utgått

Konsesjonæren må vurdere om det er hensiktsmessig å utarbeide eitt kart med all informasjon på, eller om det blir lagt fram fleire temakart. Det må kunne lesast ut av kartet (a) kva for inngrep som er midlertidige og som skal tilbakeførast etter anleggsperioden, og kva for inngrep som er permanente.

I enkelte område vil det vere nødvendig med fleire detaljar. I slike tilfelle skal arealbrukskartet delast opp med meir detaljerte utsnitt av arealbruken i kvart enkelte område. Arealbrukskartet skal brukast aktivt i anleggsperioden og arealgrenser skal merkast fysisk i terrenget der det skal takast omsyn til spesielle lokalitetar, for eksempel viktige naturtypar, kulturminne, landskapsverdiar, hekkelokalitetar med vidare.

2.4 Terrenginngrep og istandsetjing

Terrenginngrep skal gjerast så skånsamt som mogeleg for å avgrense skade på miljø og landskap. Miljøforsvarlege driftsmetodar, teknikk og lokalisering av anlegg skal brukast (jf. naturmangfaldlova. § 12 – miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar). MTA må omfatte:

- Ei skildring av planlagde terrenginngrep både i og utanfor planområdet. Dette gjeld for hovud- og hjelpeanlegg som følgjer av konsesjonsvedtaket. Hjelpeanlegg er til dømes anleggsvegar, riggplassar, massetak og eventuelle massedeponi. Det må komme klart fram i tekst og kart kva som er midlertidige og permanente anlegg. Inngrepsgrense (ytre arealgrense for terrenginngrep rundt anlegg) skal gå fram av kart. Dersom det er gitt løyve til terrenginngrep i eller utanfor planområdet etter anna lovverk skal dette vere opplyst.

- Målsette snitt- og planteikningar for dei ulike terrenginngrepa *eller* designmanual /handbok i terrengbehandling. For mindre anlegg er det hensiktsmessig med målsette snitt- og planteikningar av hovud- og hjelpeanlegg. For større anlegg er det hensiktsmessig med ein designmanual/ei handbok i terrengbehandling som skildrar prinsipielle løysingar for dei ulike terrenginngrepa og korleis terrenginngrepa skal tilpassast landskapsformene i planområdet. Område med terrengmessige utfordringar eller der ein må ta spesielle omsyn må skildrast særskilt, for eksempel med målsette snitt- og planteikningar. Store terrenginngrep som massetak eller massedeponi skal skildrast ved hjelp av skisser, fotomontasjar eller 3D-teikningar.

- Nødvendige tiltak for å redusere terrenginngrep og skader og korleis desse skal utbetrast. Dette omfattar istandsetjing av masseuttak og massedeponi (permanente og midlertidige), lagring og bruk av avdekkingsmasse, revegetering, tilbakeføring av midlertidige anleggsvegar og riggplassar med meir. Naturleg revegetering skal vere eit hovudprinsipp for vegetasjonsetablering. Dersom det er behov for å så, skal det opplysast om kva for område dette gjeld, og kva sort frøblanding det er planlagt å bruke. Det er eit krav at frø som blir brukte skal vere stadeigne. Kva metode som vert brukt for å stabilisere massedeponi skal skildrast.

- Skildring av korleis handtering av massar og terrenginngrep skal føregå med tanke på avrenning.

- Ein rydde- og skjøtselsplan dersom trasé for nettilknyting påverkar skogareal direkte. Ein slik plan skal gjelde for heile konsesjonsperioden. Dersom det er sett vilkår om avgrensa rydding av skog i anleggskonsesjonen, skal dette vektleggast særskilt. Det skal vurderast korleis skjermar av vegetasjon kan redusere dei visuelle verknadene av anlegget og tilhøyrande hjelpeanlegg (for eksempel vegar).

Retteleiaren er utgått

Ved istandsetjing etter inngrep skal terrenget formast for å likne terrenget rundt. Vekstmassar kan leggast flekkvis tilbake for å etterlikne omgjevnadene. (Foto: NVE)

Sortering og mellomlagring av toppmassane i anleggsfasen. Det må setjast av areal til mellomlagringa, til dømes langs vegen. (Foto: Olav Haaverstad NVE)

Rettleiaren er utgått

2.5 Naturmangfald

Det skal gå fram av MTA korleis naturmangfald skal takast vare på i gjennomføring av anleggsarbeidet. Dette punktet må sjåast i samanheng med dei andre punkta over. Aktuelle tema kan vere omtalt i anleggskonsesjonen og bakgrunn for vedtak. Eventuelle registrerte naturverdiar i konsekvensutgreiinga og Miljødirektoratet sin Naturbase (www.naturbase.no) skal og omtalast. Krav i naturmangfaldlova som NVE gjer særskilde vurderingar av ved behandling av MTA er:

- Naturmangfaldlova § 8 som fastset at offentlege avgjerder som påverkar naturmangfaldet så langt det er rimeleg skal bygge på kunnskap om artar sin bestandssituasjon, utbreiing av naturtypar og økologisk tilstand og effekten av påverknad. Kravet til kunnskapsgrunnlag skal stå i eit rimeleg forhold til saka sin karakter og risiko for skade på naturmangfaldet.

- Naturmangfaldlova § 11 som fastset at tiltakshavar skal dekke kostnadene ved å hindre eller avgrense den skade tiltaket fører til dersom dette ikkje er urimeleg ut frå tiltaket og skaden sin karakter.

- Naturmangfaldlova § 12 sitt krav om at det skal takast utgangspunkt i driftsmetodar, driftsteknikkar og lokalisering som gir det beste samfunnsmessige resultat.

Aktuelle tema som må vere omtalt i MTA kan vere:

- Korleis anlegget skal utformast for å ta omsyn til naturmangfald. Viktige tema for vindkraftverk kan vere viktige naturtypar, fugl, myr, våtmarker og vassdrag.

- Restriksjonar i kor tid på året og korleis anleggsarbeidet skal gjennomførast for å redusere ulemper for spelplassar, hekkeplassar, trekkvegar med meir, dersom det er stilt krav om dette i anleggskonsesjonen.

- At det blir teke omsyn til viktige førekomstar (artar eller område) for å unngå skade under anleggsarbeidet, til dømes merking og informasjon til entreprenør i anleggsfasen.

2.6 Kulturminne

Det skal gå fram av MTA korleis eventuelt registrerte kulturminne skal takast vare på for å unngå skade under anleggsarbeidet. Omfang av og innhald i undersøkingar etter kulturminnelova § 9 skal vere avklart med kulturminnemyndigheitene før NVE kan godkjenne MTA. Dokumentasjon på slik avklaring skal leggast ved MTA.

2.7 Transport

Nødvendig transport og anleggstrafikk skal skildrast og relaterast til informasjonen på arealbrukskartet. I MTA må følgjande informasjon komme fram:

- Enkel orientering om transportrute utanfor planområdet.
- Kor tid og kvar anleggstrafikken skal føregå og kva for tiltak som skal gjennomførast for å redusere eventuelle ulemper for omgjevnadene/andre interesser.

Rettleiaren er utgått

2.8 Endra verknader for miljø og samfunn

Dersom utbygginga og arealbruken som er skildra i kapittel 2.3 skil seg frå den utbyggingsløysinga som er lagt til grunn i konsesjonssøknaden og konsekvensutgreiingane, må MTA innehalde ei skildring av kva endringar dette fører til for miljø og samfunn. Det er berre nødvendig å inkludere fagtema der den endelege utbyggingsløysinga gjev endra verknader samanlikna med det som har vore utgreidd tidlegare.

Dette kan til dømes vere:

- Berekningar og kart som viser endra omfang av støy og skuggekast ved endra turbintype og/eller -plassering. Avbøtande tiltak bør omtalast dersom dette er aktuelt. For krav til gjennomføring av støyberekningane viser vi til *«Veileder til retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging»* (M 128) som er tilgjengeleg på Miljødirektoratet sine nettsider www.miljodirektoratet.no.
- Omtale av endra verknader for viktige naturverdiar som er skildra i konsekvensutgreiinga dersom desse blir meir påverka ved endra utbyggingsløysing.

2.9 Handtering av avfall

Det skal gå fram av MTA korleis avfall skal handterast i anleggsperioden. Handteringa må vere i samsvar med dei krav som følgjer av forureiningslova. Følgjande må inkluderast:

- Kva type avfall som blir genererert
- Korleis dette er tenkt handtert

Som hovudregel for handtering av avfall gjeld forureiningslova (§ 32) som seier at næringsavfall skal fraktast til lovleg avfallsanlegg med mindre det kan gjenvinnast eller brukast på annan måte. Avfall skal ikkje under noko høve deponerast eller brennast i planområdet.

Vidare gjeld plan- og bygningslova § 29-5 (tekniske krav) og § 29-7 (krav til produkt og byggverk) med tilhøyrande delar av byggteknisk forskrift så langt det passar for tiltaket. Her er det eigne krav til avfall og avfallsplan (kap. 9 i byggteknisk forskrift). Ei skildring av korleis desse krava er planlagt oppfylte skal gå fram av MTA.

2.10 For- og etterundersøkingar

Dersom det er sett vilkår i anleggskonsesjonen om for- og etterundersøkingar for ulike tema, til dømes fugl, må ofte forundersøkingar vere utførte før MTA kan godkjennast. NVE tilrår at program for for- og etterundersøkingar blir sendt NVE som eit separat dokument for godkjenning tidlig i detaljplanlegginga slik at undersøkingane kan gjennomførast i god tid før behandling av MTA. Relevant dokumentasjon, til dømes fugl, bør registrerast i aktuelle artsdatabasar (Artsdatabanken).

MTA må skildre korleis forundersøkingane er gjennomførte og korleis resultatet er brukt for å ta omsyn til eventuelle funn i planlegging, utforming/bygging og drift av anlegget. Det må og gå fram korleis etterundersøkingane er tenkt gjennomført og korleis dei er tenkt brukte i driftsfasen.

Innhaldet i undersøkingsprogramma vil variere frå sak til sak, avhengig av kva for tema som skal undersøkast. Dersom konsesjonen med bakgrunnsnotat ikkje inneheld informasjon om korleis for- og etterundersøkingar skal utførast, kan NVE på førespurnad rettleie konsesjonær om innhaldet i slike undersøkingar.

Rettleiaren er utgått

2.11 Frist for istandsetjing

Anleggskonsesjonar set vilkår om at konsesjonæren skal foreta ei forsvarleg opprydding og istandsetjing av anleggsområda. Frist for opprydding og istandsetjing er normalt to år etter at anlegget eller deler av anlegget er sett i drift. MTA skal skildre dei tiltak som skal gjennomførast for å sikre at anleggsområdet er sett i stand slik at det er påført minst mogeleg skade og ulempe for miljø og landskap når anleggsfasen er over. Skildringa må innehalde ein tidsplan.

Her er terrenginngrepa sådd til med frø som ikkje er stadeige. Vegen skil seg ut i landskapet med dei lysegrøne kantane. Naturleg revegetering der ein nyttar vekstmassar frå staden gir ei artssamansetjing som er lik omgjevnadane. (Foto: Olav Haaverstad NVE)

Istandsett massetak på Smøla. (Foto: Olav Haaverstad NVE)

Rettleiaren er utgått

2.12 Prosjekttilpassa kontrollplan

I anleggskonsesjonar er det sett vilkår om at det skal utarbeidast ein prosjekttilpassa kontrollplan som skildrar rutinar for behandling av avvik i plan- og byggefasen. Føremålet er å sikre at konsesjonæren etablerer system og rutinar for planlegging og gjennomføring av tiltaket og utarbeider kontrollplanar som sikrar at anlegget vert etablert og drifta i samsvar med lovverk, konsesjon, pålegg og godkjenningar. Kontrollplanen skal vere tilpassa det enkelte anlegget slik at det blir eit godt verkty for å unngå hendingar som ikkje er ønska og som kan vere eller føre til brot på krav heimla i lov, forskrift, konsesjon, pålegg og godkjenningar. Ein kontrollplan vil og vere eit nyttig verkty i konsesjonæren si oppfølging av entreprenør.

Forhold som krev særleg merksemd og som naturleg høyrer inn i ein kontrollplan er omtalte i anleggskonsesjonen, dokumentet «bakgrunn for vedtak» og NVE sitt vedtak om godkjenning av MTA. Kontrollplanen skal og innehalde rutinar for kor tid konsesjonæren skal melde frå til NVE om avvik frå det som er godkjent i MTA.

Ein kort omtale av arbeid med prosjekttilpassa kontrollplan skal inkluderast i MTA. NVE gjer merksam på at ein slik kontrollplan ikkje er gjenstand for godkjenning, men kan bli gjenstand for kontroll.

3 Lover og forskrifter

Bygging av vindkraftanlegg er underlagt fleire lover og forskrifter. NVE forvaltar energilova og alle forskrifter gitt i medhald av energilova, til dømes energilovforskrifta og beredskapsforskrifta. I samband med godkjenning av MTA har NVE og eit ansvar for å sjå til at forholdet til anna lovverk enn det NVE sjølv forvaltar er ivareteke. Særleg gjeld dette forureiningslova, plan- og bygningslova, kulturminnelova og naturmangfaldlova. MTA skal difor innehalde ein kort omtale av korleis krava i desse lovverka er tekne i vare. I tvilstilfelle kan NVE be om dokumentasjon av dette. Konsesjonæren er sjølv ansvarleg for å gjere seg kjent med og å overhalde dei til ei kvar tid gjeldande krav i konsesjon, lov og forskrift.

3.1 Energilova

Konsesjonar til anlegg for produksjon, omforming, overføring og fordeling av elektrisk energi blir gitt med heimel i energilova. Energilova gir den overordna ramma for reguleringa av konsesjonsgitte anlegg. Lova sitt føremål er mellom anna å sikre at etablering og drift av slike anlegg skjer på ein samfunnsmessig rasjonell måte. Dette inneber at ein skal ta omsyn til dei allmenne og private interesser som blir påverka av det aktuelle anlegget.

Rettleiaren er utgått

3.2 Energilovforskrifta

Energilovforskrifta er gitt med heimel i energilova og utfyller og presiserer lova på fleire punkt. I § 3-5 i forskrifta er det gitt eit sett med plikter som rettar seg mot den som har konsesjon for elektriske anlegg. Blant anna skal konsesjonæren til ei kvar tid å halde anlegget i driftssikker stand. Konsesjonæren har og plikt til å ivareta miljø og landskap under planlegging, utføring og drift av anlegget for å sjå til at ålmenta blir påført minst mogeleg miljø- og landskapsmessige ulemper. Vidare har konsesjonæren plikter knytt til eventuell nedlegging av anlegget, og plikt til å fjerne anlegget og så langt det er mogeleg å føre landskapet tilbake til naturleg tilstand. Nedlegging føreset at det er gitt løyve frå NVE.

Forskrifta § 9-2 gir heimel til å føre tilsyn og kontroll med at krav gitt i eller medhald av energilova blir oppfylt. Dette omfattar og tilsyn med at vilkåra i konsesjonen blir oppfylt. Mynde til å føre tilsyn er i forskrift av 27. november 2013 nr. 1386 delegert til NVE frå Olje- og energidepartementet. NVE fører i dag tilsyn med at konsesjonærane overheld sine plikter både i anleggs- og driftsfasen. Kostnader med tilsyn skal dekkast av konsesjonæren jamfør energilova § 10-1.

3.3 Beredskapsforskrifta

Beredskapsforskrifta (bfe.) har til føremål å sikre at energiforsyninga blir oppretthalden og at normal forsyning blir gjennoppretta på ein effektiv og sikker måte i og etter ekstraordinære situasjonar for å redusere dei samfunnsmessige konsekvensane av slike situasjonar. Forskrifta kjem i første rekke til bruk på einingar i Kraftforsyninga sin Beredskapsorganisasjon (KBO-

einingar). KBO består av dei verksemder som eig eller driv anlegg som har konsesjon etter energilova § 3-1, § 3-8 eller § 5-1 og som er klassifisert etter forskrifta. Forskrifta stiller opp ei rekkje beredskapsplikter som den enkelte KBO-einina har ansvar for å setje seg inn i og oppfylle.

Dei fleste vindkraftaktørar vil i dag inngå i KBO som følgje av at dei har eit vindkraftverk som har konsesjon etter energilova § 3-1 og som er omfatta av krav om klassifisering i bfe. § 5-2 (med mindre NVE gjennom vedtak har bestemt noko anna).

Ved melding om klasse skal skjemaet *«Melding om sikring av konsesjonspliktige anlegg» (vedlegg 1 til* NVE-dokument 1/2013 «*Veiledning til forskrift om forebyggende sikkerhet og beredskap i energiforsyningen*» fyllast ut. Rettleiaren er tilgjengeleg på NVE sine heimesider. Skjemaet skal i utgangspunktet vere sendt NVE samstundes med konsesjonssøknaden.

Dersom tiltakshavar er av den oppfatning at anlegget bør plasserast i ei anna klasse enn det som følgjer av forskrifta, kan tiltakshavar søkje NVE særskilt om ny klassifisering.

Rettleiaren er utgått

3.4 Plan- og bygningslova

NVE si behandling etter energilova (konsesjon, detaljplan- og MTA) vil ha same verknad for vindkraftanlegget som ei behandling etter pbl. Arealbruken knytt til etablering av eit vindkraftanlegg må vere avklart i forhold til gjeldande arealdel i kommuneplanen, eventuelt gjeldande reguleringsplan. For å legge til rette for samtidig behandling av eventuelle planendringar eller dispensasjon og konsesjon bør tiltakshavar på eit tidleg tidspunkt ta kontakt med kommunen. Når det er gitt konsesjon vil vilkåra for å kunne gi dispensasjon vere oppfylt.

Forholdet mellom reglane i pbl og energilova er omtalt i forarbeida til pbl., Ot.prp.nr.32 (2007-2008) Om lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningsloven) (plandelen) punkt 3.6.2. Miljøverndepartementet har gitt ut rettleiaren «Planlegging etter plan- og bygningsloven».

3.4.1 Verknader for vindkraftanlegget

(i) Reguleringsplan

Det er ikkje krav til reguleringsplan for konsesjonspliktige anlegg for produksjon av energi etter energilova. Kommunen kan utarbeide reguleringsplan dersom det er ønskjeleg, men har ikkje heimel til å pålegge tiltakshavar å fremme planforslag. Dette bør vere avklart tidleg i konsesjonsfasen.

Der det føreligg reguleringsplan som er til hinder for gjennomføring av vindkraftverket kan kommunen velje å sørge for planendring eller alternativt gi dispensasjon etter pbl § 19-2.

(ii) Kommuneplanen sin arealdel

Etablering av vindkraftverk føreset ei avklaring i høve til kommuneplanen sin arealdel. Også her er det hensiktsmessig å legge til rette for ein prosessuell og tidsmessig samordning mot konsesjonsprosessen.

Der det føreligg arealdel til kommuneplanen som er til hinder for gjennomføring av vindkraftverket kan kommunen velje å sørge for planendring eller alternativt gi dispensasjon etter pbl § 19-2.

(iii) Statleg plan

For å sikre at konsesjonspliktige tiltak for produksjon av elektrisk energi kan gjennomførast i tilfelle der kommunen ikkje legg til rette for tiltaket gjennom planendring eller dispensasjon opnar energilova § 3-1 i fjerde ledd for at Olje- og energidepartementet kan vedta at ein endeleg konsesjon utan vidare skal ha verknad som statleg arealplan. Tilsvarande går fram av pbl § 6-4 tredje ledd. Det er ikkje mogeleg å klage på eit vedtak om at konsesjonen blir gitt verknad som statleg arealplan.

Statleg arealplan er ei unntaksordning til det ordinære plansystemet. Bakgrunnen for regelen er fyrst og fremst å unngå at det blir sett i gang og gjennomført kommunale reguleringsprosessar i strid med konsesjonar som er gitt til energiproduksjonsanlegg. I forarbeida til lova er det lagt til grunn at regelen vil vere aktuell å bruke i situasjonar der det er gitt konsesjon til anlegg som er i strid med kommuneplanen sin arealdel, og kommunen ikkje ønskjer å regulere i samsvar med konsesjonen eller å gi dispensasjon frå arealdelen.

Eit vedtak om at ein konsesjon får verknad som statleg arealplan inneber at planen straks vil vere bindande for framtidig arealbruk i området som er omfatta av konsesjonsvedtaket. Det erstattar dessutan planvedtak som er fatta tidlegare og som tiltaket kan vere i strid med.

Dersom tiltaket ikkje blir gjennomført i samsvar med dei tidsfristar som er gitt i konsesjonen og konsesjonen såleis fell bort, fell også verknaden som statleg arealplan bort.

Rettleiaren er utgått

(iv) Nærare om forholdet mellom konsesjon, kommunale planar og statleg arealplan

Konsesjon til tiltaket kan bli gitt før forholdet til kommunale planar er avklart. Tiltaket kan likevel ikkje gjennomførast før det føreligg ei planavklaring, dispensasjon etter pbl, eller at Olje- og energidepartementet har vedteke at konsesjonen får verknad som statleg arealplan.

3.4.2 Nettilknyting for vindkraftverket

Konsesjonspliktige anlegg for overføring og omforming av elektrisk energi som nemnt i energilova § 3-1 tredje ledd er unnateke frå plandelen i pbl. Dette går fram av pbl § 1-3 andre ledd som bestemmer at for desse anlegga er det berre pbl sine reglar om kartgrunnlag, stadfesta informasjon mv. i kapittel 2 og reglane om konsekvensutgreiing i kapittel 14 som kjem til bruk.

Unntaket gjeld for alle typar nettanlegg med tilhøyrande elektrisk utrusting og bygningstekniske konstruksjonar som er omfatta av energilova § 3-1. Dette vil blant anna vere kraftleidningar, transformatorstasjonar, koplingsanlegg og bygningstekniske konstruksjonar som er direkte knytt til dei elektriske anlegga og deira funksjon.

I praksis vil unntaket fyrst og fremst komme til bruk på nettanlegg i sentral- og regionalnettet. For vindkraftverk som blir tilknytte på desse nettnivåa vil unntaket komme til bruk på nettilknytninga.

Konsekvensane av unntaket i pbl § 1-3 andre ledd er at slike tiltak kan byggast og drivast uavhengig av korleis arealbruken som anlegga påverkar er fastsett i rettsleg bindande planar etter pbl. Det kan heller ikkje fastsetjast planføresegner (planbestemmelser) for slike anlegg. Av dette følgjer at der ikkje er rettsleg grunnlag for å setje i verk prosess etter pbl for å behandle spørsmål om dispensasjon frå arealdelen i kommuneplanen, reguleringsplanen eller for å gi dispensasjon frå plankrav for slike anlegg. Det vil heller ikkje vere rettsleg grunnlag for ny plan, planendringar, eller å fremme privat reguleringsplanforslag for areal som er omfatta av konsesjonsvedtaket for slike anlegg. Tiltaket kan gjennomførast uavhengig av eventuelle regionale planføresegner (planbestemmelser).

Rettleiaren er utgått

3.4.3 Byggesaksforskrifta

I byggesaksforskrifta § 4-3 er det gjort unntak frå krav i pbl for enkelte tiltak som blir behandla etter andre lover. Vindkraftverk med anleggskonsesjon er omfatta av unntaket og vil såleis vere unnateke kommunal byggesaksbehandling. Unntaket omfattar ikkje reglane i pbl § 26-1 (om oppretting og endring av eigedom). Vidare vil reglane i § 29-5 (tekniske krav) og § 29-7 (krav til produkt og byggverk) med tilhøyrande delar av byggteknisk forskrift gjelde så langt dette passar for tiltaket. Det er tiltakshavar sitt ansvar å sørge for av krava blir oppfylte.

3.5 Naturmangfoldlova

Naturmangfaldlova (nml) sitt føremål er at naturen med biologisk, landskapsmessige og geologisk mangfald og økologiske prosessar blir tekne vare på ved berekraftig bruk og vern, også slik at naturen gir grunnlag for menneske si verksemd, kultur, helse og trivsel, no og i framtida, og som grunnlag for samisk kultur.

I lova er det fastsett allmenne prinsipp for utøving av offentleg myndigheit i saker som påverkar naturmangfaldet for å sikre at verknader på naturmangfaldet vert utgreidde, vurderte og vektlagde. For den enkelte tiltakshavar har lova blant anna den betyding at ho stiller opp ei generell plikt til å opptre aktsamt for å hindre skade som tiltaket voldar på naturmangfaldet og at det skal brukast miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar.

NVE har som sektormyndigheit ansvar for at krava i naturmangfaldlova blir følgde opp. Denne rettleiaren skal legge til rette for at omsynet til naturmangfald blir ivareteke når det konsesjonsgitte anlegget blir bygd.

3.6 Forureiningslova

Lova har som føremål å verne ytre miljø mot forureining og å redusere eksisterande forureining, å redusere mengda av avfall og å fremme ei betre behandling av avfall. Lova stiller opp ei plikt til å unngå forureining i § 7. Jamfør § 6 er støy definert som forureining, og såleis omfatta av forureiningslova. Lova har og reglar om handtering av næringsavfall (§ 32) og handtering av spesialavfall (§ 31).

Rettleiaren er utgått

4 Kort om andre konsesjonsvilkår

I tillegg til krav om detaljplan og MTA, vil det ofte vere andre vilkår i anleggskonsesjonen som må oppfyllast i planleggingsfasen. Det vere sett vilkår knytt til friluftsliv, reindrift eller naturmangfald. Det er naturleg at ei skildring av korleis desse vilkåra er/vil bli oppfylt inngår i MTA. NVE kan kontaktast for ei vurdering av kva andre vilkår det kan vere hensiktsmessig å inkludere i planen.

Nedanfor følgjer ei liste over nokre av punkta konsesjonæren bør ta stilling til i planlegging av eit vindkraftverk. Konsesjonæren er sjølv ansvarleg for at alle nødvendige vilkår i konsesjonen er oppfylt før vindkraftverket blir sett i drift.

- Dersom tiltaket er meddelt ekspropriasjonstillatelse, må konsesjonæren kreve skjønn innan eitt år etter at tillatelsen er endeleg.
- Digitale kartfiler for planområdet skal sendast til NVE så tidleg som mogeleg etter endeleg konsesjonsvedtak.
- Når anlegget er ferdig bygd skal kartdata med alle fysiske anlegg sendast til kommunen (-ane) i eit eigna kartformat.
- Dokumentasjon på ledig nettkapasitet skal føreleggast/godkjennast av NVE der det er sett vilkår om dette.
- Offentleg/allmenn rett til motorisert bruk av internveger må avklarast med kommune, grunneigarar og rettigheitshavarar.
- Undersøkingsprogram for for- og etterundersøkingar må vere godkjent av NVE, og forundersøkingar må vere gjennomført i samsvar med godkjent undersøkingsopplegg.
- Vurdering av omfang av ising og risiko for iskast må sendast til NVE, som skal godkjenne forslag til varsling i periodar med risiko for iskast.
- Eit inspeksjonsprogram for anlegget skal leggast fram for NVE før anlegget blir sett i drift. Andre vurderingar knytt til vilkåret om last og dimensjoneringskriterium skal gjennomførast, og NVE kan krevje å få programmet framlagt.
- Konsesjonæren pliktar å informere systemansvarleg om ev. endringar i planane og å rapportere til systemansvarleg innan fire veker før vindkraftverket blir sett i drift.
- Alle tiltak knytt til det offentlege vegnettet må avklarast med vedkomande myndigheit.
- Merking av vindturbinar skal skje i samsvar med gjeldande forskrifter om merking av luftfartshinder.
- Vindturbinane si plassering skal meldast inn til Statens kartverk seinast 30 dagar før montering av turbinane tek til.
- Transformatorbygg skal etablerast i samsvar med forskrift om tekniske byggverk.

Rettleiaren er utgått

- Jamfør beredskapsforskrifta skal vindkraftverket klassifiserast og det skal utarbeidast ein ROS-analyse for tiltaket.
- Ved byte av ansvarleg driftsselskap må det sendast søknad til NVE om overføring av konsesjon.
- Dersom vindkraftverket ikkje blir sett i drift innan fristen må det sendast søknad til NVE om utsett idriftsetjing.

Rettleiaren er utgått

Litteratur

- Forskrift om tekniske krav til byggverk (byggteknisk forskrift) av 26. mars 2010 nr. 489
- Lov om produksjon, omforming, overføring, omsetning, fordeling og bruk av energi m.m. (energiloven) av 29. juni 1990 nr. 50.
- Forskrift om produksjon, omforming, overføring, omsetning, fordeling og bruk av energi m.m. (energilovforskriften) av 7. desember 1990 nr. 959
- Forskrift om forebyggende sikkerhet og beredskap i energiforsyningen (beredskapsforskriften) av
  7. desember 2012 nr. 1157
- Lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningsloven) av 27. juni 2008 nr. 71
- Ot.prp.nr.32 (2007-2008) Om lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningsloven) (plandelen), blant annet pkt. 3.6.2 (Nærmere om energitiltak), pkt. 6.12 (merknadene til § 12-1), pkt. 6.22 (merknadene til endringer i energiloven)
- Planlegging etter Plan- og bygningsloven, https://www.regjeringen.no/nb/dokumenter/planlegging-plan-bygningsloven/id570991/
- Forskrift om byggesak (byggesaksforskriften) av 26. mars 2010 nr. 488
- Forskrift om tekniske krav til byggverk (byggteknisk forskrift) av 26. mars 2010 nr. 489
- Lov om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven) av 19. juni 2009 nr. 100
- Veiledning til forskrift om forebyggende sikkerhet og beredskap i energiforsyningen
- Lov om vern mot forurensninger og om avfall (forurensningsloven)av 13.03.1981 nr. 6
- "Veileder til retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442/2012)

Rettleiaren er utgått

Norges
vassdrags- og
energidirektorat

Rettleiaren er utgått

Norges vassdrags- og energidirektorat

Middelthunsgate 29
Postboks 5091 Majorstuen
0301 Oslo

Telefon: 09575
Internett: www.nve.no